

ANMELDELSE KULTUR FESTSPILLENE I NORD-NORGE 2024

## 🎲 Heilt spinnvilt!



ENERGI: Jan Gunnar Hoff (til venstre) med bandet sitt drog stundom opp intensiteten og spenninga med eit energinivå som fekk nervestregane i kroppen til å stå i heilspenn. Foto: Kåre Torvanger

Av Kåre Torvanger

Hall onsdag kveld.

For abonnenter

Musikalsk er dette noe av det ypparste ein kan oppleve innan jazz fusion. Med sine topp musikarar leverte kvartetten eit suverent produkt av høgste internasjonale merke!

Jan Gunnar Hoff frå Bodø har gjesta Festspela og Harstad tidlegare. Alt i 1992 gjorde han sin konsertdebut under Festpela. Og i 1995 enda han opp med å spele saman med sjølvaste Chick Corea på hans solokonsert. Det var ei stor hending som brende seg inn i minnet for oss som opplevde det, - eit festspelminne for livet! Sidan den gongen har han spelt med størrelsar og band av høgste kvalitet , høgt roste cd-innspelingar og høgthengande jazzprisar som Buddy-prisen og Steinway Artist.

## Jan Gunnar Hoff & Per Mathisen

Jazz/Rock-fusion i internasjonal toppklasse

Jan Gunnar Hoff, piano

Per Mathisen, bass

Nguyên Lê, gitar

Gary Husband, trommer

Nordic Hall

Onsdag kveld kl. 22.00

Publikum: Full sal

## Unik teknikk

På konserten fekk vi høyre for det meste hans komposisjonar. Det var ofte stilsikre og eksperimenterande låtar - lange episke verk som var fylt med både lyriske, dramatiske og dels kaotiske parti. Sjølv stod han for den største variasjonen i lydbiletet med piano, el-piano og synth som verktøy, frå svevande sfæriske og flytande til det hardtslåande røffe brækande - "Now we all are free". Men først og fremst med ein unik teknikk på instrumenta og ein vilje til å tøye grensene rytmisk, harmonisk og melodisk til det utålelege. Han og bandet drog stundom opp intensiteten og spenninga med eit energinivå som fekk nervestregane i kroppen til å stå i heilspenn.

Så hadde han også med seg eit stjernelag av stort internasjonalt kaliber. Dei var alle godt samspelte og bidrog og bygde opp under Hoff sin stil. Gary Husband er ein prisvinnande engelsk jazz- og rocketrommeslager og har mellom anna vore medlem av John McLaughlins gruppe The 4th Dimension i 16 år, - og sidan mange framtrekande artistar innan jazz og rock. For ein trommis! Han var ein viktig motor med sin uhyre komplekse slagteknikk og fotarbeid som kjørte på med fantasifulle rytmiske innspel, men heldt "toget" i stabil rasande fart. Herleg å kjenne stortromma i mellomgolvet. Skulle gjerne kjent meir av bassgitaristen der. Men Per Mathisen leverte forrykande tekniske prestasjonar særleg på elbassen. Han var også ei viktig brikke i lydiletet og spelte melodiske og riffaktige parti stundom med ein rappiditet som langt overgår det ein gong lærte om funk og fusjon.

## Stoisk ro

Nguyên Lê er nemnt som ein av dei mest allsidige og sære gitaristar i verda og går langt utanfor jazz i sine eksperiment. Han er fødd i Frankrike av vietnamesiske foreldre. "Fødd fransk, men hjertet mitt er vietnamesisk", sa han etter konserten. Han framstod som ein roleg og kontrollert frontfigur som leverte dei mest nydelege melodiske linjene med innslag av eksperimentelle klangar og tonalitetar. Han var sjølvsgt med på dei heftigaste kompleksitetane, men nesten like uanstrengt og suveren. Han var sikker årsak til at bandet hadde fått servert ekte vietnamesisk mat på ein av byens restaurantar, noe Jan Gunnar Hoff begeistra takka for på konserten.

---

ANNONSE

---

Det er all grunn til å bli imponert over kva Jan Gunnar Hoff har oppnådd.

Dette er fjerde konserten gruppa held, - etter ein i Romania, Oslo og Bodø og dei skal vidare til festivalar i Wien og Tsjekkia. Det er nesten som ein har lyst å følgje etter for dette var ei konsertoppleving med som kjentes og står til toppkarakter pluss!

Les mer om: [Anmeldelse](#) [Kultur](#) [Festspillene i Nord-Norge 2024](#)